



Årsmelding 2020

Styret:

Verv	Namn	På val
Leiar	Eilin Reinaas	nei
Nestleiar	Jon Anders Skorpen	ja
Kasserer	Christer Nærø Torvik	nei
UNG representant		
Styremedlem	Mads J. U. Stave	ja
Styremedlem	Ragnhild M. Bremnes	ja
Varamedlem	Joakim Eiksund	ja
Varamedlem	Guro N. Gausemel	ja
Varamedlem	Odd Arne Blomberg	nei

Valnemnd

Leiar	Kristin Rødven Eide	nei
Valnemnd medlem	Anne Mette Gundersen	ja
Valnemnd medlem	Mildrid Flø	ja
Valnemnd varamedlem	Hege Woldsund	nei

Styrets arbeid i 2020:

Styremøte:

Vi har hatt 11 styremøter og to styresaker på epost og handsama 68 saker i 2020.

Naust:

Begge nausta er no i drift, og det er laga dør mellom nausta. Alle medlemmane har tilgong til begge nausta, som er aktivt i bruk under dugnadar, kurs og treningar, og delvis innreia med

sofa og bord. Naustsjefen har saman med elevar frå bygg- og anlegg VG1 på Herøy vidaregåande skule, innreia loft på det nye naustet. Det blir brukt til oppbevaring av tørrdrakter og anna utstyr som berre aktivitetsleiarane skal ha tilgong til. Begge nausta vert mykje brukt og det er trangt om plassen når vi har kurs og utstyrsdugnad. Med kjøp av endenaustet, vonar vi å kunne tilby eit klubbhus med toalett og dusj, som vil fremje sosiale klubbaktivitetar og være ein plass også ungdom kan være.

Utstyr:

Vi har hatt 3 dugnadar på naustet også i 2020, for å rydde, reparere slitasje og skadar på utstyr og kajakkar. Det er gledelig lite skader på utstyret, sett i høve til antall utlån. Klubben har kjøpt inn brukte kajakkar og nye lensepumper, elmotor, flytevestar, spruttrekk og luker.

Kajakk	Kjøpsdato	Status
Valley Sirona oransje	08.06.2020	Kjøpt brukt
NDK Explorer HV raud	25.06.2020	Kjøpt brukt
Skim Braveheart oransje/kvit	19.07.2020	Kjøpt brukt
Rockpool Menai raudbrun glitter	26.08.2020	Kjøpt brukt
Tiderace Xcape-X kvit/raud	10.2020	Kjøpt brukt

Aktivitetar 2020

Vi starta året med ein idédugnad der alle medlemmane var inviterte. Det var stor oppslutning og det kom mange forslag som styret tok med seg i planlegginga for 2020. Vi hadde også ein kart og kompasskveld med veileder Torbjørn Nordeide, som det var god deltagelse på.

Vi hadde bassengtreningar på Sunnmørsbadet fram til det vart stengd grunna pandemien 12.03.2020. Vi fekk ikkje starta opp att med bassengtreningar frå hausten av same årsak, men hadde 2 treningar der i juleferien. Til saman har over 30 medlemmar vore innom, og fleire av dei nær kvar gong. Vi vil halde fram med tilbodet, sjølv om det går i underskot, fordi det held aktiviteten i gong gjennom vinteren og det er ein fin plass å bli trygg i kajakk/vatn.

Den første klubbturen vart arrangert på morgonen 31. januar, koseklubbtur 2. februar, morgontur 14. februar, skotårspadling 29. februar og morgontur 6. mars. Pandemien satte ein stoppar for utlån av utstyr og klubbturnar på våren, men i april fekk alle medlammene tilbod om å få låne med seg utstyr heim, fram til naustet kunne åpnast igjen. Mange valgte å låne utstyr. Etter påske starta vi opp med klubbturnar igjen, først i gruppe på 5, så utvida vi i takt med reglane. 17. mai hadde vi klubbturn til Herøy gard, med rjomegraut, spekemat og marsipankake. Totalt hadde vi 42 klubbturnar. Vi satsar på å halde fram med det i 2021.

I tillegg har vi hatt fleire prøv-å-padle arrangement og trening i sjøen ved slippen på Jensholmen, der det har vore trent teknikk, rulle o.l. Vi har og hatt ein overnattingstur til Borgarøya og ein tur til Selje i samarbeid med Gloppen padleklubb. Eian Fritid kom oppover til Jensholmen 25. juni og hadde med masse kajaker og utstyr til utprøving og salg. Det var svært stort oppmøte og stor omsetning. Den 26. juni hadde vi tur rundt Runde sammen med Eian Fritid. Vi har gitt tilbud om prøv-å-padle på klubbturnar og på bassengtreningar, til folk som vurderar å melde seg på kurs. Vi holdt to introkurs for 23 ungdomsskuleelevar i samarbeid med Ulstein ungdomsskule. Vi holdt også ein prøv-og-padledag i Ålesund for paraøvarar frå heile landet, i samarbeid med Landsforeninga for ryggmargsskadde.

Vi hadde ti turar med fokus på strandrydding og bål, som del av ein bacheloroppgave for tre friluftslivstudentar i samarbeid med Høgskulen i Volda.

Kursaktiviteten har vore stor då etterspørselen har vore stor og vi har hatt mange aktivitetsleiarar å velje i. Grunna pandemien har nokre av kursa blitt avlyst, eller hatt få deltakarar. Vi hadde sju ordinære NPF Grunnkurs HAV i 2020, som vart haldne frå Jensholmen. Det vart halde ett NPF Grunnkurs for ungdom i sommarferien. Sunnmøre Friluftsråd arrangerte to gratis kurs for ungdom på Eiksund, og vi bidro med aktivitetsleiarar saman med Molde kajakkklubb. Det vart halde 1 NPF Teknikkurs HAV.

I 2020 utstedte våre aktivitetsledere/ turledere/ veiledere 77 våttkort med GK HAV oblat, der 9 av dei var unge under 19 år. Vi ga 5 TK HAV oblat. Vi har mange aktive aktivitetsledere i klubben, flere turledere og to veiledere. Dette gjør det mulig å ha et bredt utvalg av kurs også i årene framover. Fleire av dei har tatt VHF-kurs og skaffa seg VHF-lisens.

Vi deltok på stand under Sommerfestivalen i Fosnavåg med profilering av kajakkklubben sitt utstyr og kursaktivitetar. Der fekk vi stor respons og mange melde seg på kurs.

Vi var også med på årsmøtet i Herøy idrettsråd i juni. Leiar i HKK vart vald til nestleiar i idrettsrådet. Idrettsrådet vedtok at 10 % av LAM-midlane skulle fordelast til para-medlemmar. HKK fekk dermed kr. 58867 i 2020. Styret har satset på å engasjere seg i idrettsrådet for å få mer innsyn i fordeling av midler i Herøy og for å kunne påvirke i arbeidet med den nye kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som skal utarbeides i 2021.

Padleledgruppa, leia av Anita Sundnes og med Sindre Slettestøl, Eilin Reinaas og Johannes Kjær Madsen har arbeidd med å få laga ferdig padleleder for nybyrjarar i første omgang. Det er satt opp eit stort kart i naustet, som kan gi medlemmane oversikt over området før dei legg ut.

Medlemmar frå HKK var til stades på Gloppen Padleklubb sitt årlege Surfesymposium i Hoddevika på Stadt som vart utsatt til september. Kajakktreffet på Stokkøya og Rangøya vart avlyst i 2020.

Loggboka i naustet viser at klubbmedlemmane ofte er ute og kajakkane er godt nytta. I 2020 har medlemmane logga mange turar der, men portloggen syner at ikkje alle hugsar å skrive inn utlån i loggboka. Aktivitetsleiarane logga 73 turar i klubbregi med HMS-appen. Det er inkludert kurs.

Løysinga med automatisk portstyring og naust med godt utval står for ein betydeleg del av aktiviteten i klubben. Det er veldig gledelig for styret å sjå att tilrettelegginga framleis fungerer godt.

Vi erfarer at bruk av Facebook er nyttig i forhold til marknadsføring av aktivitet, og har ein stadig aukande andel følgjarar. I tillegg nyttast mail til viktig informasjon, slik at ein sikrar at informasjon når ut til alle.

Gjennom året har det vore medieomtale av klubben i både lokal- og regionavis (Vestlandsnytt, Sunnmørsposten), samt fleire reportasjer i radio og TV (NRK Møre og Romsdal). I tillegg vart eit innslag om klubben sin adventspadling, som vart filma med drone, vist på både regional og nasjonal TV (NRK, Norge i Dag).

Medlemstall pr. 31.12.2020

	0-19 år UNG	> 20 år Senior	Totalt
Kvinner	35	176	211
Menn	45	186	232
Totalt	80	362	443

Medlemstall rapportert til NIF

	2019	2020
Kvinner	145	211
Menn	167	232
Totalt	312	443

Rapportering til NIF viser ein god og positiv medlemstall utvikling gjennom åra. Ei auke på over 40% frå 2019-2020 er vi veldig godt fornøyd med.

Årsrekneskap 2020

Sjå vedlagt årsregnskap 2020 frå regnskapsfører Sigbjørn Gurskevik Skeide i Rekne AS. (tidlegare Balanse Regnskap).

Til medlemskontingent og medlemsliste, nyttar HKK system og innbetaling som NIF har i klubbadmin/ Buypas. Ei løysing som gjer rapportering mot NIF enkel og drifting av medlemslister etter lova om personvern.

Ved kursing har styret gått gradvis over på Vipps som er ei rimelegare løysing og vi unngår litt det tunge systemet til NIF. Vi nyttar fortsatt NPF sin www.vaattkort.no side for publisering av kurs og påmelding, utsteding av våttkort.

2020 vart eit godt år, med eit overskot på over 150 000 kroner. Vi holdt mange kurs og fekk nye medlemmar, men måtte avlyse nokre kurs, og hadde få deltakarar på nokre av kursa. Vi fekk covid-19 støtte på kr. 70 000, som hjalp oss med å kompensere for det. Vi betalte ned ein heil del på naustlånet og kjøpte inn ein del "nye" båtar og oppgraderte ein del utstyr.

Økonomien til klubben er solid og vi satsar på å utvide med eitt naust til, som skal brukast til klubbhus, med toalett og dusj. Vi har søkt om midlar og fått noko sponing allereie, og vonar å få realisert planane i løpet av sommaren 2021, utan å ta opp meir i lån.

Styret i Herøy Kajakklubb

Eilin Reinaas, leiar

Jon Anders Skorpen, nestleiar

Christer Nærø Torvik, kasserar

Mads J. U. Stave, styremedlem

Ragnhild M. Bremnes, styremedlem

Joakim Eiksund, varamedlem

Odd Arne Blomberg, varamedlem

Guro N. Gausemel, varamedlem